



Arkivnr: 2017/85-2  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		07.02.2017
Fylkesutvalet		22.02.2017

### Innspel til Kirke-, utdannings- og forskningskomiteen på Stortinget i samband med Stortingsmelding 9 Fagfolk for fremtiden - Fagskoleutdanning

#### Samandrag

Stortingsmelding 9 (2016-2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning* vert no handsama av Kirke-, utdannings- og forskningskomiteen (KUF-komiteen), og innstillinga vert levert 18. april 2017. KUF-komiteen hadde høyring i Stortinget 19.01.2017. Det er viktig for Hordaland fylkeskommune å gje innspel i samband med handsaminga av meldinga, mellom anna for å synleggjere kor viktig det er å halde fram med fylkeskommunalt eigarskap og forvaltaransvar, styrka finansiering av fagskulesektoren, satsing på arbeid med overgangsordningar mellom fagskule- og UH-sektoren og internasjonaliseringsarbeid.

#### Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune gjev innspel til Kirke-, utdannings-, og forskningskomiteen i samband med Stortingsmelding 9 *Fagfolk for fremtiden - Fagskoleutdanning* slik det går fram av saka.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 28.01.2017

Stortingsmelding 9 (2016-2017) *Fagfolk for fremtiden - Fagskoleutdanning* vert no handsama av Kirke-, utdannings- og forskningskomiteen (KUF-komiteen) og innstillinga vert avgitt 18. april 2017. KUF-komiteen hadde høyring på Stortinget 19.01.2017, og Kommunenes Sentralforbund (KS) gav uttale på vegner av fylkeskommunane. Det er likevel viktig for Hordaland fylkeskommune å gje eigne innspel i samband med handsaminga av meldinga, mellom anna for å synleggjere kor viktig det er å halde fram med fylkeskommunalt eigarskap og forvaltaransvar, styrka finansiering av fagskulesektoren, satsing på arbeid med overgangsordningar mellom fagskule- og UH-sektoren og internasjonaliseringsarbeid.

### **Innspel til Kirke-, utdannings- og forskningskomiteen på Stortinget i samband med Stortingsmelding 9 Fagfolk for fremtiden - Fagskoleutdanning**

Hordaland fylkeskommune er svært godt nøgd med stortingsmeldinga om fagskuleutdanning og meiner at forslaga i meldinga vil gje fagskulesektoren eit solid løft, i tillegg til gode vilkår for meir kompetanseheving og innovasjon i regionane. Meldinga føreslår at det framleis skal vere fylkeskommunalt eigarskap og forvaltning av fagskulesektoren, og dette er svært viktig for Hordaland. Forslaga i meldinga om styrka rettar for fagskulestudentar og fokus på å leggje meir til rette for høvelege overgangar mellom fagskule og høgskule/universitet, vil vere viktig både for eigar, fagskulane og studentane.

Hordaland er det største fylket i høve til studieplassar i offentlege fagskular, og Hordaland fylkeskommune er ein aktiv og bevisst fagskuleeigar. Hordaland fylkeskommune er eigar av Fagskolen i Hordaland (tidlegare Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole) og Hordaland helsefagskole. Hordaland fylkeskommune disponerer vel 80 mill. gjennom årlege rammeoverføringar frå staten, i tillegg til å forvalte vel 7 mill. i samband med tilskotsordninga under Helsedirektoratet til private og offentlege tilbydarar med helsefagskuletilbod. Hausten 2016 var det til saman totalt 1138 studentar ved dei to fylkeskommunale fagskulane i Hordaland.

Utover rammeoverføringane frå staten set Hordaland fylkeskommune årleg av ekstra midlar i budsjett til fagskulane ved styret for å oppretthalde kapasiteten i tilbodsstrukturen. I tillegg har Hordaland fylkeskommune investert monaleg i nytt utstyr til fagskulane dei siste åra. Døme på dette er bru-simulatorar, ekstrautstyr til simulatorar, labar og dessutan oppgradering av ny lokasjon for Fagskolen i Hordaland. Hordaland fylkeskommune har også i fleire år gjeve ekstra midlar til distriktstilbod i Sunnhordland for å gje naudsynt kompetanseheving til det sterke industrimiljøet i denne delen av regionen. Tilboda i Sunnhordland vert gjevne av Fagskolen i Hordaland, som har godkjent studiestad på Stord.

Hordaland fylkeskommune tek samfunnsoppdraget i høve til fagskulane og kompetanseheving i regionen på alvor og ser med stor forventning fram til handsaminga av stortingsmeldinga, som vil kunne gje grunnlag for at Hordaland fylkeskommune kan bli ein enda betre eigar og forvaltar av sektoren. I Hordaland er fagskulesektoren ein naturleg del av regionale planar i høve til næringsliv og kompetanse. I Regional næringsplan for Hordaland 2013 – 2017 vert det vektlagt at fagskuletilbodet skal styrkast ved å gjere fagskulane og tilbodet meir fleksibelt i høve til å starta opp nye tilbod ved etterspurnad. Som ledd i å gjere dei fylkeskommunale fagskulane meir fleksible har det sidan 2013 vore gjennomført samanslåingar frå 7 til i dag 2 fagskular. Dette har bidrege til større og meir robuste fagskular, og større fleksibilitet i tilbodsstrukturen. I tillegg er det planar om å søkje fagområdegodkjenning innan einskilde fagområde for å raskare kunne respondere på behov for nye tilbod og studiestader i fylket. Vidare arbeider Hordaland fylkeskommune no med ein regional plan for kompetanse og arbeidskraft, der fagskulutdanningar er ein naturleg del av planen saman med vidaregåande utdanning og utdanningar i UH-sektoren. I tillegg er det sett i gang ein prosess der fylkestinget ser på vilkåra for dei fylkeskommunale fagskulane i samband med stortingsmeldinga om fagskuleutdanning og regionreforma. Som del av denne prosessen vil mellom anna fylkeskommunen vurdere styringsordning og selskapsform for fagskulane for å sikre tydelege styringslinjer og god eigarskap.

## **Kva stortingsmeldinga har å bety for Hordaland**

### Finansiering og dimensjonering

I stortingsmeldinga om fagskuleutdanning vert det føreslått ny finansieringsmodell for fagskulane, og det vert peika på at auken i tertiærutdanning bør kome i fagskulesektoren. I tillegg vert det føreslått at fylkeskommunane kan spele inn kompetansebehov i eigen region gjennom dialogmøte med Kunnskapsdepartementet. Dersom desse forslaga vert vedtekne, og det vert høve til å auke omfanget av fagskuletilbod og talet på studieplassar i Hordaland, vil Hordaland fylkeskommune i langt større grad enn i dag kunne imøtekomme kompetansebehovet i regionen. Efterspurnaden etter fagskuleutdanningane er stor i Hordaland, både innanfor eksisterande og nye tilbod, og auka finansiering vil gje rom for fleire studentar og nye fagskuleutdanningar. Til dømes arbeider Fagskolen i Hordaland med nye tilbod innan «Lokal matkultur» og «CNC og robotteknologi».

Fagskolane har god kontakt med arbeidslivet i regionen og får jamleg innspel til vidareutvikling av eksisterande tilbod og utvikling av nye tilbod. Hordaland fylkeskommune har også gode verktøy for å vurdere kompetansebehovet i regionen, som kan vere grunnlag for konkrete satsingsområde og prioriteringar i høve til fagskulesektoren i fylket.

### Høvelege overgangar

Forslaget i stortingsmeldinga om å betre vilkåra for overgangar mellom fagskuleutdanningar og utdanningar på høgskule og universitet vil sikre Hordalandsregionen enda større tilgang til spesialisert kompetanse. Arbeidslivet i Hordaland vil i langt større grad kunne spesialisere eiga arbeidskraft på område der dette er viktig i konkurranse med andre aktørar, både nasjonalt og internasjonalt, dersom det vert etablert gode overgangsordningar. Fagskolen i Hordaland har i dag nokre overgangsordningar til utdanningar ved Høgskulen på Vestlandet om fritak for inntil 60 studiepoeng i ein bachelorgrad etter to-årig teknisk fagskuleutdanning innan ein skilde fagområde, men det er ønskjeleg å etablere overgangsordningar innan enda fleire fagområde.

### Internasjonalisering

Forslaga i stortingsmeldinga om at studentar kan få rett til studie- og eventuelt skulepengestøtte for opphald i utlandet som del av norsk fagskuleutdanning, er viktige tiltak for å auka studentmobilitet og grunnlag for partnerskapsavtalar. Fagskolen i Hordaland har i dag avtale med VIA University College i Danmark om overgang mellom to-årig teknisk fagskuleutdanning innan bygg til graden «Professions-bachelor». I tillegg har Fagskolen i Hordaland med midlar frå NordPlus Adult gjennomført eit prosjekt saman med skular i Litauen og Danmark med sikte på å gjere komparative analysar av utdanningsnivå ved skulane og vurdere kompetansekrava i bygg- og konstruksjonsindustrien internasjonalt. Med utsikter til gode støtteordningar for internasjonaliseringsarbeid vil ein kunne utvikle fleire prosjekt for mobilitet både for tilsette og studentar, mellom anna med tanke på praksisutveksling. Det vil også vere høve til å utvikle framtidige fagskuletilbod i ein internasjonal kontekst der ein skilde fagområde har ein særskilt global marknad.

### Konklusjon

Med bakgrunn i innspela over vil Hordaland fylkeskommune særleg framheve kor viktig det er at fylkeskommunal eigarskap og forvaltaransvar vert vidareført, at finansieringa av dei offentlege fagskuletilboda vert styrka, at det kjem på plass gode overgangsordningar mellom fagskule- og UH-sektoren og det blir betre rammer for internasjonaliseringsarbeidet. Hordaland fylkeskommune ønskjer at fagskulane skal vere ein viktig regional aktør i høve til kompetanseheving, omstilling og innovasjon, og forslaga i stortingsmeldinga vil gje svært gode føresetnader for å oppnå dette.